



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 19/10038-5  
Saksbehandler Olav Vehus

### Nasjonal ramme for vindkraft på land - høringsuttale.

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	05.09.2019	19/59

#### Kommunestyret har behandlet saken i møte 05.09.2019 sak 19/59

##### Tilleggsframlegg frå AP v/Reidar Saga:

Åmli kommunestyre slutter seg til rådmannens framlegg til uttale til nasjonal ramme for vindkraft på land – høringsuttale, med følgende to tilleggs punkt:

- Med bakgrunn i rådmannens innspill om hva som må være på «plass», sier Åmli kommunestyre nei til vindkraft i Åmli kommune.
- Kommunene må ha vetorett angående vindkraftanlegg i egen kommune.

##### Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg blei vedteke mot 1 stemme (B. H. Ufsvatn).

Punkt 1 i AP sitt tilleggsframlegg blei vedteke med 11 mot 6 stemmer

For: R. Saga, K-A. H. Moe, H. H. Smeland, A. M. Helgeland, J. H. Lien, T. Askland, M. Smeland, O. E. Føreland, J. Smeland, A. T. Aanby, V. Hansen

Mot: B. H. Ufsvatn, T. W-H. Tangen, H. F. Tangen, S. Seljås, B. G. Baas, T. Olstad

Punkt 2 i AP sitt tilleggsframlegg blei vedteke med 13 mot 4 stemmer.

For: R. Saga, K-A. H. Moe, H. H. Smeland, A. M. Helgeland, J. H. Lien, T. Askland, M. Smeland, B. G. Baas, T. Olstad, O. E. Føreland, J. Smeland, A. T. Aanby, V. Hansen

Mot: B. H. Ufsvatn, T. W-H. Tangen, H. F. Tangen, S. Seljås

##### Kommunestyret sitt vedtak:

Åmli kommune vil gje følgjande høringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft på land:

Utviding av nasjonal ramme ut over forslaget må ha ei ny høyring som grunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget bak ein konsesjonssøknad må ha same kvalitet om den ligg innanfor eller utanfor nasjonal ramme.

Dagens rammevilkår for vindkraftutbygging på land sikrar ikkje vertskommunane ein tilstrekkeleg kompensasjon der slike anlegg blir etablerte.

Gevinsten i form av produksjon av fornybar energi er åleine heller ikkje stor nok målt mot ulempene sett frå lokalsamfunnets side.

Kommunen ønsker at følgjande kjem på plass:

- Ein andel av verdiskapinga knytt til energiproduksjon tilsvarande den som pr. i dag gjeld for vasskraftutbygging.
- Dekning av juridisk og anna sakkunnig bistand i samband med melding, utbyggingsavtale og konsesjonssøknad.

- Utbygging må tilpassast anna arealbruk og avbøtande tiltak for å dempe brukarkonflikter
  - Berørte eigedommar av utbygging må ikkje berre gjelde dei som får anlegg på eigedommane sine, men utvidast til også å gjelde ein del av dei som vert liggande på utsida. Og dei må få dekkja utgifter til juridisk/sakkunnig bistand.
  - Med bakgrunn i rådmannens innspill om hva som må være på «plass», sier Åmli kommunestyre nei til vindkraft i Åmli kommune.
  - Kommunene må ha vetorett angående vindkraftanlegg i egen kommune.
- 

## Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyringsuttale.

### Rådmannens sitt framlegg

Åmli kommune vil gje følgjande høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft på land:

Utviding av nasjonal ramme ut over forslaget må ha ei ny høyring som grunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget bak ein konsesjonssøknad må ha same kvalitet om den ligg innanfor eller utanfor nasjonal ramme.

Dagens rammevilkår for vindkraftutbygging på land sikrar ikkje vertskommunane ein tilstrekkeleg kompensasjon der slike anlegg blir etablerte.

Gevinsten i form av produksjon av fornybar energi er åleine heller ikkje stor nok målt mot ulempene sett frå lokalsamfunnets side.

Kommunen ønsker at følgjande kjem på plass:

- Ein andel av verdiskapinga knytt til energiproduksjon tilsvarande den som pr. i dag gjeld for vasskraftutbygging.
- Dekning av juridisk og anna sakkunnig bistand i samband med melding, utbyggingsavtale og konsesjonssøknad.
- Utbygging må tilpassast anna arealbruk og avbøtande tiltak for å dempe brukarkonflikter
- Berørte eigedommar av utbygging må ikkje berre gjelde dei som får anlegg på eigedommane sine, men utvidast til også å gjelde ein del av dei som vert liggande på utsida. Og dei må få dekkja utgifter til juridisk/sakkunnig bistand.

### Saksvedlegg

Høyringsuttalelse til nasjonal ramme for vindkraft på land - Åmli viltutval

Innspill fra Åmli Skogeigarlag til høring for nasjonal ramme for vindkraft på land.

Høyringsuttale frå Åmli turistforum

NVE-rapport - Nasjonal ramme for vindkraft s. 181-185

### Saksvedlegg som ligg på nettsida

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunensnettside [www.amli.kommune.no](http://www.amli.kommune.no)

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

## **Andre saksdokumenter**

Uttale frå Skjeggedal Sørgard.

Opprop mot vindkraft frå hytteeigarar i Skjeggedal.

Høyringsforslag frå NVE – Nasjonal ramme for vindkraft på land (heile dokumentet 231 sider)

Temarapport om:

- Landskap
- Friluftsliv
- Sammenhengende naturområder
- Naturtyper
- Fugl
- Flaggermus
- Villrein
- Andre pattedyr
- Kulturminner
- Reindrift og annen samisk utmarksbruk
- Iskast
- Drikkevann og forurensinger
- Nabovirkninger
- Andre tema
- Elektroniske kommunikasjonssignaler
- Forsvarets interesser
- Værradarer
- Sivil luftfart
- Folkerett
- Reiseliv
- Næringsutvikling

## **Kort om saka**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt forslag til nasjonal ramme for vindkraftutbygging på høyring. Forslaget er eit fagleg råd frå NVE i dialog med andre etatar. Det omfattar i alt 13 område, og 1 av dei dekker delar av Åmli.

Tanken er at den nasjonale ramma for vindkraftutbygging skal fastsejast av politiske styresmakter sentralt på bakgrunn av forslaget og innkomne uttaler.

Neste steg vil vere at utbyggarane fremjar konsesjonssøknader innanfor den nasjonale ramma. Den aktuelle vertskommunen vil få konsesjonssøknaden til uttale. NVE er konsesjonsstyresmakt. Saksbehandling og vedtak vil gå etter energilova.

Delane av Åmli som ligg innanfor forslaget til nasjonal ramme gjeld gardane/grendene Nedre Skjeggedal, Øvre Skjeggedal, Håkedal, Ytre Ramse, Gunleifjell, Øvre Ramse, Tveit, Hillestad, Austenå, Vrålstad, Dale, Landsverk, Mosvald, Åmland, Askland, Mjåland, Jørundland og Smeland.

Forslaget er sendt på lokal høyring til lag og organisasjonar /13 i alt) som dekker/har interesser innanfor det føreslåtte området. Det har kome inn 3 uttaler –frå Åmli skogeigarlag, Åmli turistforum og ei frå Åmli viltutval. Uttalene følgjer som vedlegg til saka.

Oppsummert:

Åmli skogeigarlag ber om at grunneigars syn blir tillagt avgjerande vekt av konsesjonsstyresmaktene, og at ekspropriasjon berre unntaksvis vert nytta. Vidare at område med høgt konfliktnivå i høve til hytteutvikling og reiseliv ikkje vert inkludert.

Åmli turistforums uttale er gjeve på bakgrunn av presentasjon av planar for utbygging på Skjeggedal vestsida før forslaget frå NVE vart sendt på høyring. Turistforumet stiller spørsmål ved om utbygging vil gagne kommunen og verknader for lokalt næringsliv,

medrekna turisme. I utgangspunktet er dei skeptiske og ber kommunen ikkje utan vidare stille seg positiv til utbygging.

Åmli viltutval går mot forslaget til nasjonal ramme for vindkraft. Dei meiner at forlaget tek for lite omsyn til grunneigars næringsinteresser, til friluftsliv og til vilt. I tillegg at dei som grensar inntil utan å bli omfatta av utbygginga vil få ulemper og verdifall utan at det utløyser økonomisk kompensasjon.

I tillegg er det kome inn uttale frå 1 privatperson og opprop frå hytteeigarar som ligg på utsida av føreslått område. Intensjonen med den lokal høyringa var å få inn svar/uttaler frå lag/foreningar – ikkje privatpersonar eller enkeltmedlemmer. Ein har derfor valt å knytte denne uttalen til saka som ANDRE SAKSDOKUMENT, utan å kommentere innhaldet under Merknader/vurdering og i staden overlate til kommunestyrets medlemmer om dei vil hente den opp og evt. ta den med i vurderingane sine.

### **Merknader / vurdering**

Målet er at den nasjonale ramma skal peike på dei best eigna og minst konfliktfylte områda for bygging av vindkraftturbinar og legge til rette for konkrete søknader om konsesjon. Samstundes blir det åpna for at det også kan byggast ut utanfor dei områda som til slutt blir peika ut. Men det vert signalisert at det vil vere vanskelegare å få konsesjon utanfor dei utvalte områda enn innanfor.

Innanfor den nasjonale ramma er delar av områda skravert ut av dei som har kome med forslaget (såkalla harde eksklusjonar, dvs. areal som alle var enige om at er uaktuelle for vindkraft). Dei som oppfyller slike vilkår i Åmli er verneområde over 3 km<sup>2</sup>: Øyvassheia (ved Sinevatn) ca 8 km<sup>2</sup>, Urdvatn/Kallingshei ca 34 km<sup>2</sup>, Vereknutane ca 17 km<sup>2</sup>.

Blant kriterier for mjuk eksklusjon (der det ikkje bør byggast vindkraftverk, finn ein både mindre verneområde (under 3 km<sup>2</sup>) og større føreslåtte verneområde. Skjeggedalsheia er føreslått verna, og det strekker seg frå Hushovd i Froland til godt inn i Vrålstad-mark (kring 30 km<sup>2</sup>).

Dersom dette skal følgast opp blir det samanhengande området som i utgangspunktet var peika på som aktuelt for vindkraftutbygging i Åmli oppdelt. Grunnlaget NVE og andre etatar bygde på då forslaget vart laga må ha vore på eit overordna nivå.

Innhaldet i konsesjonssøknad blir fastsett ved at NVE godkjenner KU-program. Kommunen kan gje innspel til programmet. Viktige tema som ein kan be om å få utgreiing kring kan vere sysselsetjing, kommuneøkonomi, næringsutvikling, brukarinteresser og samordning av interesser (private og offentlege).

Kommunens innspel i meldingsfasen og uttale til konsesjonssøknaden skal tillegast stor vekt, men kommunen har ingen vetorett.

Berørte partar i vindkraftsaker har ikkje krav på å få dekkja utgifter til juridisk bistand eller anna sakkunnig hjelp i rimeleg utstrekning slik som ved vassdragsregulering.

I kontaktene mellom utbygger og grunneigarsida har utbygger tilbydd/signalisert at dei kan betale ei årleg leige over anleggets levetid, stipulert til 25 år. Sett frå grunneigarsida er dette langt gunstigare innretning enn ei eingongserstatning, slik tilfellet er ved vassdragsreguleringar.

I samband med vasskraftutbygging tilfell konsesjonskraft, konsesjonsavgift, naturressurs-skatt og eigedomsskatt vertskommunen. Eigedomsskatten for produksjonsanlegg er basert

på taksert verdi. For el-netter skattegrunnlaget bokført verdi som blir avskrive lineært. Natrressurs-skatten inngår i inntektsutjamningssystemet.

For vindkraftanlegg får vertskommunen kun eigedomsskatt, der skattegrunnlaget er basert på bokført verdi. Etter kvart som anlegget vert avskrive vil grunnlaget og dermed eigedomsskatten gå ned.

Då 420 kV – lina vart bygd, var mastehøgda beskrive til å ligge i nivået 25-35 m, unntaksvis 45 m. Enkelte av mastene vart måla med signalfargar (raud og kvit) av omsyn til trafikk i luftrommet.

Planane for vindmøller som er presentert på heia mellom Skjeggedal og Vatnedalen (ca. 20 møller i alt) operere med høgder som ligg i området 190 – 220 m. Til samanlikning er masta på Hovdefjell ein stad mellom 250 og 270 m.

Turbinar som er høgare enn 60m skal vere merka med lys. Eit alternativ kan vere radarstyrt lysmerking. Det blir beskrive som kostbart (s. 63), og så langt er kun 1 system for radarstyrt merking godkjent i Norge.

I samband med bygginga av Statnett-ledningen vart det frå kommunens side arbeidd for å få på plass vegløyseringar i konsesjonsvilkåra. Det førte ikkje fram. I staden vart det vist til at det ville bli løyst gjennom miljø- og transportplan så langt utbyggar hadde behov. Planen synte seg i ein del tilfelle ikkje å ha tatt høgde for det reelle behovet, og ein del løysingar kom på plass på overtid.

Lærdommen ein drog ut av dette var at neste gong det vert søkt om liknande tiltak må kommunen arbeide for å få på plass utbyggingsavtale med tiltakshavar.

Ved utarbeiding og vedtak av kommuneplan for perioden 2007-19 vart det satsa tungt på hytteutbygging. I arealdelen vart det lagt inn framtidige område for hytter. Intensjonen var i utgangspunktet å satse på høg standard som grunnlag for større ringverknader og lokal verdiskaping.

Under arbeidet med kommuneplanen ønskte både grunneigarsida og lokalforvaltning meir hytteutbygging på heia mellom Gjøvdal og Tovdal. Men fylkesmannen og fylkeskommunen stod hardt på at det skulle vere ein urørt korridor midt etter heia langs turistforeningas løypenett som går ned til Dølemo. Og slik vart det.

Følgjande område ligg innanfor figuren som dekker forslaget til nasjonal ramme for vindkraftutbygging:

Område nr. i kommunepl	Planområde	Utbygd	Framtidig	Merknad
	Høgeli	X		Avløpsanlegg påbegynt
F1 A	Ytre Ramse-Rosdalen		x	
	Tereåsen	x		
	Kvitfoss	x		
	Hillestadheia 1	x		Høgstandard
	Hillestad dalbotn	x		Utleige høgstandard + eldre hytter
	Tveitvatn	x	x	Delar av feltet utbygd – regulering påbegynt for utviding
F 2	Hillestadheia 2		x	Regulert
F 17	Håkedalsvatn		X	Regulert
F 18	Håkedal		X	
F 19	Øvre Ramse - Steggebusteane		x	
F 25	Harstveit – Storebrot		X	
	Jørundland	x		
F 31	Dale aust – Buhei		x	

Sidan arealplanlegging skal ha eit langsiktig perspektiv over seg, kjem ein ikkje utanom at det må takast omsyn til dei føringane som er lagt kring arealbruk frå lokal forvaltning si side, med brei politisk forankring og med støtte/godkjenning frå regionale og sentrale styresmakter. Sagt på ein annan måte: Skal dei føringane som er lagt fråvikast eller om det blir åpna for arealbruk som kjem i konflikt med det som ligg inne, skal det tungtvegande grunnar i botn for å gjere nettopp det. Ikkje minst gjeld dette tilfelle der det er satsa og der utbygginga er i gang. Di lengre den har kome, di tyngre og vanskelegare å snu.

I denne samanheng vil ein spesielt peike på Hillestad, der det er satsa tungt over lang tid med utspring og eigarskap i lokalt føretak. Det har vore ein motor og drivkraft for utviklinga og verdiskaping i heile Tovdal, ja utover dalføret også.

For heilskapen si skuld bør også feltet ved Tveitvatn nemnast sett ut frå tilrettelegging og standard, sjølv om utbygginga der er i mindre målestokk.

I forslaget til nasjonal ramme og vurderingane som ligg bak er det meir tyngde i omsyna til reiseliv målt opp mot hyttebygging. Etter administrasjonens vurdering fell høgstandardhyttene i Tovdal inn under reiseliv. Det er viktig for lokalsamfunnet. Satsinga bygde på viktige element som høgheiområde i akseptabel reiseavstand frå kysten, god kvalitet på fiske og løypenett og ein inngangsport for å ta seg vidare langs turistforeningas løypenett.

Det vil ut frå dette vere uheldig og uakseptabelt om det blir åpna for arealbruk som kjem i sterk konflikt til det som er nemnt ovanfor.

Under utmarksnæring legg NVE til grunn at grunneigarar innanfor planområdet vil få tilbod om økonomisk vederlag og dermed ny inntektskjelde for arealbruken. Dei som ligg på utsida og særleg dei som grensar tett inntil er ikkje nemnt. Dei vil dermed måtte bere inntekts- og verdibortfallet sjølve. Det er dårleg og mangelfull handtering og måte å løyse dette på, og det set grunneigarane opp mot kvarandre i utrengsmål.

For tun og innmark set grannelova krav om at tre ikkje må stå nærare grensa en det som tilsvarer ein trededel av trehøgda. Sjølv om det ikkje er direkte overførbart sidan vindturbinane i regelen blir bygd i utmark, er det like fullt ein tankekross at minsteavstand til nabogrense er sett til fire gonger høgda på vindturbinen uavhengig av om møllene er 50 m høge eller 200 m og over det også.

Kupert landskap vil dempe verknadene av mastehøgdedene og gjere dei mindre synlege på avstand. Men slikt landskap vil vere meir krevjande med tanke på vegframføring. Med dei krava til linjeføring for vegane som slik utbygging set vil terrenginngrepa bli omfattande og dominerande – både på nært hald og på avstand.

I heiområde med manglande eller tynt jordsmonn vil tilbakeføring når/dersom anlegget opphøyrer vanskeleg la seg gjennomføre. Det er grenser for kva eit stadeige og karrig vegetasjonsdekke i slike område kan dempe.

Dersom vindkraft er så samfunnsnyttig som det blir hevda, må det vere eit minstekrav å få på plass ei skikkeleg vederlagsordning for dei som lid tap.

Eit viktig argument for utbygging av vindkraft på land (målsetjinga er 30-50 TWh) er at det vil bidra på forsyningssida til fornybar energi. Europas samla energibehov er ca 3000 TWh. Altså 1-1,5 % av samla forbruk.

Isolert sett vil ikkje produksjon i seg sjølv heller bidra til å oppfylle fornybarmålet Norge har i høve til EU, då det blir målt på forbruk – ikkje produksjon.

Ei viktig grunngeving for å verne hovedstrengen av Tovdalsvassdraget var at det er eit av få vassdrag i Sør-Norge som går frå fjell til fjord og er lite påverka av moderne tekniske inngrep.

Uansett kva ein måtte meine om vassdragsvern, hadde ein framgansmåte tilsvarande den som vart brukt i samband med vassdragsforvaltning sikra at dokumenterte verdiar frå lokalt/regionalt nivå hadde blitt lagt inn i ein tidleg fase i arbeidet og endt med eit utval som hadde stått seg langt betre.

NVE ser føre seg at det framlagde forslaget kan innskrenkast, men også utvidast. Om det berre gjeld for dei 13 områda som ligg i forslaget eller omfattar fleire er ikkje presisert.

Dersom det blir fremja konsesjonssøknad for eit område, er det avgjerande at det blir stilt same krav til KU-programmet uavhengig av om det ligg utanfor eller innanfor den nasjonale ramma. Det har å gjere med at kunnskapsgrunnlaget som ligg i botnen for konsesjonssøknaden må vere på plass.

Oppsummert i høve til arealbruk:

I Åmli er dalbotnane i Skjeggedal, Tovdal og Gjøvdal halde utanom det som er aktuelt for vindkraftutbygging (tatt ut på grunn av det NVE kallar harde eksklusjonar)

I same kategori kjem også større verneområde og viktige område for friluftslivet. Det gjer at heiområdet mellom Gjøvdal og Tovdal ikkje er aktuelt (Kallingshei/Urduvatn og Øyvasshei naturreservat + Aust-Agder Turistforening sitt løypenett frå Dølemo og nordover). I tillegg kjem reiselivssatsinga i det same området, der Hillestadheia utgjer tyngda.

På heia mellom Tovdal og Skjeggedal er føreslått eit større verneområde (Skjeggedalsheia).

Mellom Skjeggedal og Vatnedalen ligg verneområdet Vereknutane lengst i sør. Ut over dette er det ikkje lagt inn framtidige område for ulike bruksføremål i kommuneplanens arealdel.

5.september.2019